

T.R.T.F.S.

ROCK

1

2

3

Stolpabu

HANS TORGNY INDREBØ

Stolpabuene var opphavleg brukt til å oppbevare mat og klede. Dette vesle gards-
huset er lite kjent i vårt distrikt. I denne artikkelen tek Hans Torgny Indrebø oss
med inn i nokre få av stolpabuene som er igjen på Jæren, og syner korleis dei
gjennom åra endra både utsjånad og bruk.

Stolpabu var lenge eit framandord for meg. Eg kjende til ordet, men ikkje til innhaldet i det – kva det bar i seg av meining. Så langt eg kjenner til, fanst det ikkje ei stolpabu i Randaberg, der eg voks opp. Det synt seg at stolpabu var synonymt med stabbur og hadde same funksjonen som buå i det gamle jærhuset. Tenk det. I mi heimbygd fanst det altså ikkje ei stolpabu, men det var mange jærhus med bu i, rommet som me i nyare hus kunne samanlikna med bestastova. Anten det heitte stolpabu eller stabbur, så hadde dei stavinga bu felles.

Me ser vel alle for oss korleis eit stabbur skal sjå ut, slik me har sett dei. Jæren sine stolpabuer i dag er ikkje like lettkjennelege som dei brune, tjørebreidde med lafta tømmer i Telemark eller andre stader i landet. Stolpabuene på Jæren ligg i dag som før i gards-tunet som eit eige hus, med vindauge og gjerne kvit-



Truleg er dette den eldste stolpabuå på Romsdalsmuseet. Det var berre ei lita dør som ga det einaste lyset inn, elles var det ingen gluggar eller glas. Det galdt å halda så låg og jamn temperatur som råd. Foto: Hans Torgny Indrebø.

måla med pannetak. Dei har det til felles med stabbur overalt i landet at dei er heva over terrenget og bygde på stolpar eller stabbar av tre eller stein.

STOLPABU ELLER STABBUR

Frå gammalt av var buene bygde på ein grunnmur nede på bakken (Oscar Albert Johnsen: Norges bønder). På 1700-talet vart buene løfta opp frå bakken ved at dei vart sette på stabbar av stein eller tre. Det er her namna stolpabu og stabbur kjem frå. Ivar Aasen meinte at stabbur skulle vore kalla stabbe-bu etter stabbane dei var bygde på. Anten det er stabbar eller stolpar av tre eller stein, så tener dei same oppgåva. Dei minste stolpabuene hadde ein stolpe eller stabbe i kvart hyrne medan dei større hadde fleire. Heile stolpabuå sto stødige på stolpane. Truleg var det fleire grunnar til at buene vart sette på stolpar. Kanskje den viktigaste var å hindra rotter og mys og anna uty å finna vegen opp og inn i buå der dei kunne øydeleggja mat og klede. Kanskje vel så viktig var det å få golvet opp frå bakken slik at treverket vart halde tørt og ikkje utsett for fukt og røte. Då buå vart sett på stolpar, opna det seg òg opp for friskare luft som hindra muggsopp på mat og i klede. Det er ganske rimeleg at dei ulike grunnane kunne vera temmeleg likeverdige. Tre-material var kostbart på skoglause Jæren. Stolpane er forma slik at dei skal hindra gnagarane i å koma seg inn. Dersom det var brukt steinpilarar, var det gjerne lagt ei helle øvst oppe mellom toppen av stolpen og golvet som ei hindring eller ein sperre for at uynskte dyr skulle finna ein veg inn.



Her er eit godt døme på korleis buå vart løfta opp frå bakken og sett på stolpar. Stolpane er sette på heller, og på toppen av stolpen er det ei ny og breiare helle som hindra rotter og mys i å koma inn. *Foto: Hans Torgny Indrebø.*



Trappa inn i stolpabuå er ikkje bygt opp til inngangen, og det er god avstand mellom trapp og stolpabu for å hindra gnagarar i å koma inn i matlageret. *Foto: Hans Torgny Indrebø.*

Trappa inn til buå er bygt med god avstand inn til døroppinga. Det skulle hindra alle slag uty i å springa strake vegen inn dersom døra sto open eit bel. Alt vart gjort for å hindra gnagarar i å koma inn og forsyna seg og leva godt, til forarging og skade for eigaren. Stolpabuene, slik me kjenner dei på Jæren i dag, er panelte på utsida. Mellom tømmeret og panelet er det ei spalte for luftsirkulasjon. Luftspalta er med på å halda mest mogleg jamn temperatur, og samstundes var ho med på å halda lufta inne frisk og tørr.

Det er ikkje mange stolpabuer att på Jæren, men dei finst. Alle er av yngre dato, dvs. at eit par er frå 1890, og den yngste frå 1928. Stolpabuene har i dag vindu og kanskje ei ekstra dør. Frå gammalt av var det knapt vindu i dei, for utan vindu var det lettare å halda rommet kaldt sommarsdag, og så vart det ikkje så

kaldt om vinteren. Det var berre ein inngang og oftast var han i brystet - gavlen.

«OVERALT MANGLER SAA SEDVANLIGT HUUS, STOLPEBOD KALDET ..»

I 1779 ga sorenskrivar H. Arentz i boka «Beskrivelse av Stavanger Amt i Norge» uttrykk for at «Overalt mangler saa sedvanligt Huus, Stolpebod kaldet, hvor baade Korn og andre Madvarer meest sikkert forvares.» Ein menneskealder seinare undra lieutenant P.P. Flor seg over at det ikkje fanst stabbur på Jæren då han var på reise her i 1810. «Paa Jedderen findes ikke, hvad som er saa almindeligt over hele Landet, Stolpeboder, hvilket Mangel paa Tømmer og dets Kostbarheder er Aarsagen.» Det var eigentleg ikkje så rart at det ikkje fanst stolpabuer på Jæren, for stabburet han spurde

etter, var allereie av praktiske grunnar bygt inn i jærhuset som buå. På den måten sparde jærbuen tømmer, som var dyrt, og dessutan var det energisparande. Med å byggja buå inn i bustadhuset, starta ein på prosessen med utviklinga av det særmerkte jærhuset med eit kjøkken og ein gang som skilde daglegstova frå buå.

Då jærhuset vart utvikla på 1700-talet, vart uthuset - buå eller buret - som hadde fungert som bu for mat og klede, bygt inn i heimehuset og tok med seg namnet bu inn. Den gamle daglegstova og det nye rommet - buå - vart skilde med ein gang og eit kjøkken imellom. Det eldste heimehuset i Grødalandstunet i Hå kan tena som eit godt døme på den løysinga.

Ein bonde ba Eilert Sundt inn til eit måltid mat i stasrommet i huset - buå. I samtalen nemnde bonden at rommet over dei vart kalla buloftet. No skjøna Eilert Sundt samanhengen i kvar stolpabuå vart vorten av. Rommet han vart traktert i, var buå: «Boden er Gaardens Stabbursloft hvor Korn, Flatbrød, Kjød o.s.v. forvares. Thi der er ikke særskilte Stabbure eller Stolpeboder paa Jæderen», skreiv han etter besøket.

Eilert Sundt oppdaga at jærhuset eigentleg var ei samansett sak. Det hadde altså vore eit eige hus for mat og klede på bruka i tidlegare tider. Han syntet det ved m.a. å visa til ei sak frå 1522, at det i eldre tid hadde vore eit hus til å bu i for folket på bruket og så ei eiga bu - stolpabu - for mat og klede ute i tunet.

Buå hadde to funksjonar. Ho var stasstova - finstova. Her tok ein imot framandfolk. Gjestesenga var plassert her. Buå var elles sparsamt utstyrt med møblar. Kistene med stas- og sundagskleda var lagde ned i kister, og

større plagg vart hengde på veggane. Buå var eit kjøleg rom utan omn eller peis. Ingen røyk eller os skitna til tak eller veggjar her inne, og nedvasking ville ikkje slita så sterkt på eventuell dekorering. Rommet vart pynta med måling av listverk oppe ved taket, for dei som såg seg råd til slikt. I tillegg til senga var det eit større bord og stolar. Ved sida av å vera stasstova vart buå brukt som lager for flatbrød og lefser og for bruket sin produksjon av heimekinna smør og ost som skulle seljast.

På loftet over buå - buloftet - var det mjøltønne og kornbingar.

Flytta me oss over til stoveloftet, var det her pølser, røykjeflesk, tørka og speka kjøt vart hengt opp. Det var aha-opplevinga Eilert Sundt fekk under måltidet i buå til gardbrukaren. Slik fungerte buå og buloftet i jærhuset så godt som ei fullgod stolpabu eller eit stabbur i andre delar av landet. På loftet var det òg ofte ein stamp - eit ilot - der myse frå osteproduksjonen på bruket vart samla opp.

Stolpabuå - stabburet - og buå vart til i ei tid då alt av mat vart produsert og foredla på bruket. Alt skulle lagrast og takast vare på og strekkja til i så godt som eit heilt år. Til det trongst det god plass, noko avhengig av storleiken på jordvegen og driftsforma og om bonden dreiv fangst og fiske attåt.

STOLPABUENE VAR SJELDNE PÅ 1800-TALET

Det var langt mellom stolpabuene då H. Arentz var her på Jæren i 1779. Buå i jærhuset hadde alt då teke over funksjonen stolpabuå hadde hatt. Det fanst truleg knapt att ei av dei gamle stolpabuene frå 16- og første



Dette gamle fotoet viser korleis gardstunet på Bjorland var før, kanskje så tidleg som før første verdskrig. Stolpabuå står rett til venstre for heimehuset. *Foto: privat eige, fotograf: Emelankton Aadnesen.*

del av 1700-talet på gardsbruka på Jæren etter 1800.

Jærhuset var upraktisk med ein gang som skilde stovene. Trapp opp til buloftet var i gangen mellom buå og daglegstova, dersom ikkje trappa allereie var flytta ut i kjøkkenet. Kornet måtte berast opp for å lagrast i bingane på loftet. Over mange år var det sett av eit eige, mindre rom ved sida av kjøkkenet til spiskammer og i jærhusa, og den skikken tok til kanskje så langt attende som tidleg på 1800-talet, meinte arkitekt H. M. Schirmer. Eilert Sundt skreiv at spiskammeret var ei stor betring av sedar og skikkar. No kunne matrestar setjast inn i det og verta tekne betre vare på. Før vart restane sette på ei

hulle i stova eller borte i glaskarmen der flugene surra.

Det var store omveltingar i jordbruket på 1800-talet. Det første store hamskiftet fann stad med innføring av nye maskinar og reiskapar. Ikkje berre kom det nye maskinar, men utskiftingslovane frå 1820- og 1850-talet var med på å effektivisera og letta arbeidet i kvardagen. Kutsal og mjølkemengd auka – særleg i slutten på hundreåret. Mjølka vart no levert til dei nye meiera for smør- og osteproduksjon. Areal som før vart brukte til korndyrking, vart lagt ut til beite og høyproduksjon. Prosessar og aktivitetar som tidlegare vart gjort heime, vart flytta ut. Vasskallane til



Stolpabuå hjå Hogne Nærland slik ho ser ut i dag.
Foto: Hans Torgny Indrebø.

dei gamle gardskvernane tagna etter kvart som folk fekk betre råd til å kjøpa fint, sikta mjøl på krambua. Rikt sildefiske i store delar av århundret hadde gjeve mange bønder betre økonomisk armslag. Bygginga av jærbanen ga mange ein ekstra kjærkomen skilling.

Skikken med å byggja bustadhus slik som me kjenner det typiske jærhuset med skutar for lagring av torv, sto for fall. Den nye tida førde med seg ny byggeskikk – med mellom anna den såkalla sandnesmodellen. Dei nye husa vart sette opp i ei og ei halv høgd, gjerne med ei ark eller ein kvist og med kjellar under huset for potetlagring og til klesvask. Der var det ein god omn for brønngrøtta til å koka vatn i til skolling av grisen og koking av klede. Dei to stovene i dei nye husa vart bygde saman – vegg i vegg - slik at berre ei dør skilde dei frå kvarandre. Ikkje å undrast

over at somme heldt fram med å kalla den eine stova i det nye huset buå medan naboen med liknande hus sa bestastovå om det tilsvarande rommet. Men det nye var at det ikkje lenger var bruk for buå og buloftet i same omfang som før til lagring av mat.

Like fullt vart det bygt ein del stolpabuer i bygdene på Jæren både før og etter århundreskiftet 1900. Det var hus av varierende storleik, som sto på stolpar, fritt i gardstunet. Eg har ikkje svaret på kvifor det skjer, men vågar meg på nokre tankar om kva som var grunnen.

Det var betre økonomiske kår på bruka. Folk såg seg råd til bustadhus av den nye typen som skilde seg ganske sterkt frå det tradisjonelle jærhuset. Framleis var det gardsbruk som dyrka så mykje korn at det var greitt å ha eit magasin - ei stolpabu - til å lagra eige korn i til det vart betre prisar seinare på året. Det er tydeleg at fleire av stolpabuene som står att har hatt taljeverk både inne og ute for å få heist kornet opp og inn i huset. Ein skulle gjerne tru at kornet berre vart lagra i første høgda, men slik var det ikkje. Svært ofte var det lager både oppe og nede.

Då Statens kornforretning og godkjenning av bygdemøllene vart vedteke innført i 1928, ser det ut til at det ikkje vart bygd nye stolpabuer på Jæren. Det er kanskje lettvent å seia at med staten si plikt til oppkjøp av korn, fall grunnlaget og behovet for stolpabuer som kornmagasin bort.

Ingen av stolpabuene på Jæren vert no brukte til det føremålet dei vart bygde for.

HOGNE NÆRLAND på Nesheim, gardsnummer 23 og



Interiøret i stolpabuå til Hogne Nærland.
Foto: Hans Torgny Indrebø.



Det var laga kornbingar i stolpabuene for å halda kornet samla og for å skilja dei ulike kornslaga. Her er merke i veggjen etter skiljevegg mellom bingar. Biletet er henta frå buå til Hogne Nærland. *Foto: Hans Torgny Indrebø.*

bruksnummer 2 i Nærbø fortalde at stolpabuå på bruket vart bygd ein gong på slutten av 1800-talet. Det var eit hus som var lite i bruk og var helst i dårleg stand for ein del år sidan. Så fekk han besøk av jordbrukssjefen i Hå, Tonstad, som oppmoda han til å ta vare på bygget med den grunngevinga at det etter kvart var så få att av denne typen bygg på Jæren. Nærland tok utfordringa, og mellom anna skifta han heile sutaket og tekte det med gamle, handlaga teglpanner. - Det var arbeidskrevjande, eg trur eg prøvde fleire panner for kvar ei eg fekk passa til, minnest Nærland. Pannene var så ulike i storleik. Stolpabuå står no fram kvitmåla som eit flott og godt døme på hustypen, sjølv om stolpabuå hans i dag er modifisert med nye glas og ei ekstra dør.

Inne i stolpabuå som står i gardsrommet på bruket, er det ved første augnekast ikkje så mykje som minner om eit hus som var kornmagasin og lagerplass for matvarer. Første etasje er innreia som ei rommeleg stove med gode stolar. Rundt langbordet er det plass til 12 personar. Slik har stolpabuå på bruket endra funksjon frå å vera lager for matvarer som flatbrød og pølser til ei triveleg stove – ei hagestove, seier Nærland.

Stolpabuå til Nærland var tidlegare lager for korn i både første og andre høgda. Det er merke i veggane etter skilje for bingane til kornet. Rett bak trappa har tidlegare eigarar gjort sine reknestykke med blyant på veggjen, mellom anna er det tal på kilo bygg og pris, noko som gjev grunn til å tru at det var handel med såfrø. Kornet som skulle lagrast i andre høgda, vart heist opp gjennom eit hol i taket (= rotet), og den same vegen kom kornet ned att anten det var for sal som såkorn,



Alf Næsheim laga dette biletet av det gamle tunet på Kvia etter oppmålingar. Her er det gamle fjaset med mittinga, løa i bakgrunnen, og i framgrunnen slik jærhuset såg ut med stovå og buå i kvar sin ende, skilde frå kvarandre av gang og kjøkken.
Teikning av Alf Næsheim utlånt av Trond Nærland.

til å verta mole til mjøl på mølla til eige hushald eller som fôr for dyra. Det var den gongen då kornet vart skore med sigd og ljå og seinare med meieapparat og

det vart laga bendlar til nek. Neka vart sette i trevar, på staur eller hesja, og når det var tørt nok med lavêr etter bamsaterren i september, vart det kjørt inn i løa

for lagring og seinare trøskjing. Seinare vart kornet skore med sjølvbindar og trøskja med eige trøskjeverk i løa. Då skurtrøskjaren tok over og kornet vart kjørt til korntørka på Lode, vart det slutt på å ha kornet for mellomlagring i løa og trøskjing seinare på hausten. Arbeidsselane til hestane ser ut til å ha hatt sin faste plass på veggen innom døra, for namna til øykjene står skrivne på plassen der selane skulle hengja.

Nærland tok meg med opp på loftet og fortalde at det var samla litt av kvart gamalt der oppe. Det er slik at det vert eitkvart som går ut av bruk på ein gard, men som det er knytta historie til. Nærland såg ikkje bort ifrå at ungdom og tenestefolk på bruket brukte stolpabuå til overnatting i sommarmånadene. Det var svalare der enn inne. Det er ikkje ukjent at det har vore nattefriing på Jæren, men om det har funne stad på loftet her, kan ikkje Nærland gå god for. Men kven veit: Under glaslet mot nord er det i alle fall skrive med store bokstavar TS + ES med eit hjarte med ei pil gjennom og så fylgjer datoen då det heile truleg vart skrive. Nærland er sikker på at det ikkje er folk på bruket som har hatt trong for å snakka med veggen, men det kan ha vore tenestefolk som har hatt hjartevondt.

Buå til Hogne Nærland er bygt på 60-70 centimeter høge, glatte steinstabbar. Slik er det god klaring mellom bakken og golvet til buå, og trappa inn er ikkje bygd heilt innåt huset.

TROND NÆRLAND på gardsnummer 19 og bruksnummer 5 på Kvia i Nærbø kallar stolpabuå si for Haugestova. Huset er staseleg. Forfattar, teiknar og lokal-



«Haugestova» hjå Trond Nærland på Kvia. Alf Næsheim meinte at Hans Nielsen Hauge overnatta i stova då han reiste over Jæren i 1804.
Foto: Hans Torgny Indrebø.

historikar Alf Næsheim meinte at Hans Nielsen Hauge hadde oppbyggelege møte i den eine stova her då han reiste over Jæren. Det er eit ganske stort hus. Kanskje H.N. Hauge budde der ei natt eller to, og like truleg var det at futen vart natta over når han hadde ting på Kvia, for i si tid vart og stova brukt som tingstove for futen i Kvia skipreie, fortel Nærland etter Alf Næsheim.

Buå vert kalla stolpabu sjølv om det ikkje finst stolpar under henne no. Huset er bygt på ein solid gråsteinsmur. Det er kjellar under buå med nedkjøring for hestekjørety, slik huset syner seg fram i dag.

I gavlen - heilt oppunder mønet - har det vore ei heisanordning for å ta inn kornet gjennom døra i andre høgda.

Buå til Trond Nærland har førd eit omflakkande liv. Truleg sto buå i det gamle mangbølte tunet på Kvia til



Gardstunet til Marta og Asbjørn Scheie på Skeie i Klepp sett frå nord. Me ser stolpabuå i framgrunnen.

Foto: Anders Beer Wilsen, Norsk folkemuseum.

ho kom opp på bruket til Trond Nærland og vart plassert midt i tunet. Det var upraktisk å ha ho der, så i 1922 vart ho flytta dit ho står no og skapar eit godt, lukka gardsrom.

Men det er ikkje berre på Jæren det heiter stolpabu. Slik det er nemnt ovanom var både Arentz, Flor og Sundt kjende med ordet.

MARTA OG ASBJØRN SCHEIE på gardsnummer 38 og bruksnummer 2 på Skeie i Klepp fortalde at stolpabuå

på bruket no er ombygd. Dei tidlegare kornbingane var der framleis då omvølinga starta. For å få kornet opp på loftet måtte det heisast opp med ei heiseordning på utsida og teke inn gjennom ei dør i andre høgda. Det utstikket som taljeverket var festa til er vekke no. Elles var nok buå brukt til matlager først og fremst, men det er sannsynleg at dei og tok vare på sundags- og festkleda sine der.

Då Asbjørn Scheie var gutunge, var allereie formålet med stolpabuå gått ut på dato for mange år sidan.



Eit nærbilete av stolpabuå på Skeie i Klepp.
Foto: Hans Torgny Indrebø.

I første høgda var det då innreia ein verkstad for reparasjonar med mellom anna sløydbenk og tilhøyrande treverkty, og det var innkjøpt sveiseapparat for arbeid med jern. Asbjørn skrudde på mopeden sin her. I taket er det merke etter feste for rennebommen. Farmora brukte å setta opp vev i stolpabuå. Tilsvarande feste var det også inne. Farmora fortalde at tenestefolket låg på loftet i stolpabuå. Ei seng av den gamle typen sto der oppe i alle år. Under siste krig var det separator i buå på Skeie. Separatoren var ein maskin til å skilja ut fløyten - feittet - i mjølka. På bruket er det framleis ei fin handdriven kinne for smør.

Ein kunstnar, Leif Moe, fekk lov til å slå seg ned i buå i 1924. Han måla speglane på innsida av døra. Så skjedde det som ikkje skal skje: I 1998 vart det brann i buå. Døra med skildreria på vart så skada at ho vart kassert. Opplysningane som kjem fram tyder på at

stolpabuå på Skeie heilt sikkert har vore kornmagasin, men at den funksjonen opphørte ein gong før 1924, men å slå fast året for det, er vanskeleg.

Gulatingsloven slo fast at dersom ein kom over ein framandkar i stabburet, og mannen laga seg til med ei bør av mat og klede som han ville stela, då hadde ein rett til å slå han i hel. No er det ikkje slike hus og buer, og freistingane til å ordna seg på den måten med annan manns gods, er borte vekk.

I ein mellomperiode kunne bønder og andre leiga seg kjøle- og fryselager i meieri og handelslag. Då djupfrysaren og kjøleskapet gjorde sitt inntog, vart det ikkje lenger bruk for dette matlageret. Bu og stolpabu som finst, har fått ein annan funksjon. Buå og bestestova finst bare i dei gamle jærhusa og sandneskasane, og funksjonen som lager for mat og oppbevaring av klede er der ikkje lenger.

LITTERATURLISTE

- Arentz, Hans. 1779. *Beskrivelse over Stavanger Amt i Norge*
- Bugge, Anders og Sverre Steen(red). 1942. *Norsk kulturhistorie* band I og V
- Grude, J. 1976(1908) *Jæderen Kulturhistoriske Skildringer fra det 19de Aarhundrede del 2(2)*
- Imsen, Steinar og Harald Winge. 2004(1974). *Norsk historisk leksikon*
- Lieutenant P.P. Flor. 1995. *Oekonomisk Reise til Lister og Jedderen foretagen i Efteraaret 1810*
- Lunden, Kåre. 2002. *Norges Landbrukshistorie II 1350 – 1814*
- Reigstad, Ingebjørg. 1997. *Jærhuset. I Sjå Jæren s.9-52*
- Sundt, Eilert. 1900. *Bygningssskik paa Bygderne i Norge*. Samling artiklar skrivne av Eilert Sundt kring 1860, samla av arkitekt H. M. Schirmer.
- Torkelsen, Per Inge og Jone Samuelsen. 1978. *Grødaland-tunet*
- Visted, Kristoffer og Hilmar Stigum. 1971. *Vår gamle bondekultur*